



Høgskolen i Telemark

EKSAMEN

5360 SKATTE- OG AVGIFTSRETT FOR REGNSKAPSFØRERE

27.11.2009

Tid: kl 9 - kl 14

Målform: Bokmål og nynorsk.

Sidetall: 11 (inkludert denne siden).

Hjelpemiddel: Norges lover, særtrykk av lover eller lovsamling, Skattelovsamling (Jarøy eller Gjems-Onstad). Kalkulator (med tomt minne).

Merknader: Alle oppgaver skal besvares. Det skal anvendes gjeldende lov- og forskriftsregler ved besvarelsen av oppgavene. I den forbindelse må du selv ta nødvendige forutsetninger. Evt. forutsetninger må klart fremgå av besvarelsen. Kandidaten skal begrunne sitt svar og henvise til gjeldende lov- og forskriftsregler.

Vedlegg: Ingen.

Bokmål.

Oppgave 1 (beregnet tid: 20 minutter).

Tale Talsen bor i Bø kommune. Han bor der i sin egen enebolig sammen med sin samboer, Turid. Tale eier boligen alene. Boligen har 220 kvm primærareal. Tale og Turid har ingen barn. Eneboligen har vært hans hjem de siste 5 årene. Han arbeider nå i Skien og reiser daglig til jobben i Skien. Tale har fått tilbud om ny jobb i Oslo. Han vurderer tilbudet som interessant. Han vil i så tilfelle bli ukependler til Oslo. Tale lurer på hvilke kostnader som oppstår på grunn av ukependlingen, som kan fradragføres. Han har ikke enda tatt standpunkt til om han skal leie seg bolig eller kjøpe bolig og hvor stor bolig han ønsker å ha som pendlerbolig.

Spm. 1

Hvilke regler gjelder for personer som ukependler? Hva vil være viktig å vite for Tale Talesen slik at han kan føre mest mulig av kostnadene som oppstår til fradrag hvis han bytter jobb? Hvilke kostnader vil han få fradrag for hvis han blir ukependler?

Oppgave 2 (beregnet tid: 40 minutter).

Harald Olsen og Per Olsen er brødre. De mottar 15.08.X1 kr. 1 200 000 hver i gave fra sin far, Toralf. Toralf ble enkemann 03.05.X1. Han sitter i uskifte og hadde fullstendig felleseie med sin avdøde kone. Harald og Per har ikke mottatt arveavgiftspliktige gaver fra noen av sine foreldre tidligere.

For året X1 er det følgende satser for beregning av arveavgift:

§ 4. Av arv og gaver til arvelaterens/giverens barn, fosterbarn - herunder stebarn som har vært oppfostret hos arvelateren/giveren - og foreldre, svares:

Av de første 250 000 kroner	intet
Av de neste 300 000 kroner	8 %
Av overskytende beløp	20 %

Spm. 1.

Hva blir arveavgiftsmessige konsekvenser for brødrene Harald og Per Olsen når de mottar gavene i X1? Fastslå størrelsen på eventuell arveavgift.

30.03.X9 dør Toralf Olsen. Han etterlater seg følgende eiendeler:

	Toralfs skattemessige verdier pr. 30.03.X9.	Markedsverdi pr. 30.03.X9.	
	Enebolig	600 000	2 400 000
+	Fritidsbolig	300 000	1 800 000
+	Bil	200 000	60 000
+	Bankinnskudd	<u>1 660 000</u>	<u>1 660 000</u>
=	Sum verdier	<u>2 760 000</u>	<u>5 920 000</u>

I tillegg har Toralf kortsiktig gjeld på kr. 8 000. Begravelseskostnadene, i henhold til kvitteringer, beløper seg til kr. 38 500. Harald overtar eneboligen og Per overtar fritidsboligen. Bilen selges. Det oppstår tinglysningskostnader på overdragelsen av eneboligen på kr. 61 200 og på fritidsboligen på kr. 45 900. Øvrige skifteomkostninger blir kr. 2 000.

For året X9 er det følgende satser for beregning av arveavgift:

§ 4. Av arv og gaver til arvelaterens/giverens barn, fosterbarn - herunder stebarn som har vært oppfostret hos arvelateren/giveren - og foreldre, svares:

Av de første 470 000 kroner	intet
Av de neste 330 000 kroner	6 pst.
Av overskytende beløp	10 pst.

Spm. 2

Hva blir de arveavgiftsmessige konsekvensene på grunn av Toralf sitt dødsfall? Fastslå størrelsen på eventuell arveavgift.

Oppgave 3 (beregnet tid: 135 minutter).

Se bort i fra merverdiavgift ved løsning av denne oppgaven. Ingen beløp inneholder merverdiavgift.

Klaus Klausen driver et enkeltpersonforetak. Det ligger i Oslo kommune. I året X8 har selskapet foreløpig skattepliktige inntekter på kr. 14 254 780 og skattemessig fradragsberettigede kostnader på kr. 12 952 458. Nedenfor her er det oppgitt en del opplysninger hvor ikke alle inntekter og kostnader er medtatt i oppgitte skattepliktige inntekter og skattemessig fradragsberettigede kostnader. Av de oppgitte tall nedenfor, er det konkret oppgitt hvilke tall som er medtatt og hvilke tall som ikke er medtatt i skattepliktige inntekter og skattemessige kostnader.

1) Varekostnad

Årets varekjøp er medtatt i de skattemessige kostnadene. Årets varekjøp er på kr. 8 545 400. Varelagerendring i X8 er ikke medtatt i de skattemessige kostnadene. Varelager pr. 01.01.X8 har en anskaffelseskost på kr. 654 700. Det inneholder en ukurans på kr. 55 000. Varelageret pr. 31.12.X8 har en anskaffelseskost på kr. 679 300. Det inneholder en ukurans på kr. 34 000.

2) Tap på krav

Det er kostnadsført kr. 73 000 i konstaterte tap i de skattemessige kostnadene. Det er etter dette avdekket at en kunde har gått konkurs. Det opplyses fra bostyrer at det ikke blir noe konkursdividende på uprioriterte fordringer, noe som denne fordringen er. Utestående på denne kunden er kr. 5 000. Dette tapet er ikke medtatt i de skattemessige kostnadene. Konstaterte tap i X7 var kr. 62 400. Kundefordringer pr. 31.12.X8, før hensyntagen av det siste konstaterte tapet, er kr. 456 800. Kredittomsetning for X7 var kr. 12 452 850 og kredittomsetningen for X8 er kr. 12 756 200. Skattemessig avsetning pr. 31.12.X7 var kr. 8 140.

3) Avskrivninger

Ingen avskrivninger eller andre skattemessige effekter vedrørende driftsmidler har påvirket oppgitte skattepliktige inntekter eller skattemessige kostnader.

Enkeltpersonforetaket har følgende saldogrupper pr. 01.01.X8:

Inventar og løsøre, inngående saldoverdi kr. 256 450

Varebiler, inngående saldoverdi kr. 280 422

Kontormaskiner, inngående saldoverdi kr. 88 450

Det har blitt kjøpt følgende driftsmidler i X8:

PC for kontorarbeid og regnskapsføring, kr. 14 000. Den ble kjøpt 01.07.X8.

Printer for kontorarbeid, kr. 3 000. Den ble kjøpt 01.07.X8.

Bygg, Freiveien 200, totalt kr. 6 130 000 inkludert kjøpsomkostninger. Det ble kjøpt 01.09.X8. Kjøpesummen fordeler seg med kr. 2 800 000 på selve bygget, kr. 1 820 000 på fast teknisk installasjon og kr. 1 380 000 på tomte. Bygget, som ikke er seksjonert, brukes til forskjellige formål. Det er lager, butikklokale og en leilighet. Leiligheten er utleid til markedsverdi. Leieverdier og kvadratmeter for de forskjellige delene er:

Tekst:	Kvm	Årlig leieverdi
Lager	700	320 000
Butikklokale	400	180 000
Leilighet	<u>150</u>	<u>160 000</u>
Sum	<u>1 250</u>	<u>660 000</u>

I september ble det foretatt en mindre utvidelse av bygget. Dette kostet totalt kr. 360 000, hvorav kr. 246 000 vedrørte selve bygget og kr. 114 000 vedrørte fast teknisk installasjon.

Det har blitt solgt følgende driftsmidler i X8:

Varebil, kr. 120 000. Den ble solgt 01.09.X8. Dette er en varebil som Klaus Klausen ikke brukte privat, jfr pkt. 5.

4) Gevinst- og tapskonto.

Saldo på gevinst- og tapskonto er pr. 01.01.X8 en gevinstsaldo på kr. 500 000.

5) Næringsbil og privatbil

Selskapet har en varebil som er godkjent som næringsbil. Den har i X8 blitt kjørt 8 000 km i næring og 6 000 km privat fordi den brukes av Klaus Klausen på fritiden. Den hadde en kjøpspris som ny på kr. 355 400 da den ble kjøpt 01.05.X4. Kjøpsprisen tilsvarte listepreisen. Sum driftskostnader har vært kr. 25 230 og vedlikeholdskostnader har vært kr. 14 500. Drifts- og vedlikeholdskostnader er kostnadsført i de skattemessige kostnadene.

6) Elektronisk kommunikasjonstjenester.

Enkeltpersonforetaket har kostnader både vedrørende mobiltelefonabonnement og trådløs internettabonnement. Kostnaden til mobiltelefon, som Klaus Klausen også bruker privat, er kr. 15 465. Trådløs internettabonnement har en kostnad på kr. 4 800. Disse kostnadene er kostnadsført i de skattemessige kostnadene.

7) Julebordkostnader og representasjonskostnader.

I slutten av desember ble det avholdt julebord på restaurant for Klaus Klausen og foretakets 8 ansatte. Det kostet totalt kr. 9 650. Kostnaden bestod av middag og dessert, kr. 6 200 og en bar-regning på totalt kr. 3 450. Bar-regningen var splittet opp i alkoholfri drikke, kr. 1 130 og alkoholholdig drikke, kr. 2 320. I samme uka hadde Klaus Klausen møte med en forretningsforbindelse. Etter møtet gikk de ut og spiste på restaurant. Middagen for to personer kostet totalt kr. 1 465. Til middagen ble det drukket vin. På grunn av usikkerhet rundt hvordan alle disse kostnadene skal behandles, er ingen av kostnadene bokført og dermed er de ikke med i de oppgitte skattemessige kostnadene.

8) Aksjesalg.

I desember ble det solgt 4 000 aksjer for kr. 46,40 pr. stk, totalt kr. 185 600. Salgsomkostningene ble kr. 180. Aksjene ble kjøpt 30.06.X7. Det ble da kjøpt 10 000 aksjer a' kr. 35,20, totalt kr. 352 000. Kjøpsomkostninger var kr. 400. Det har ikke blitt utdelt utbytte i den tiden aksjene har vært eiet av Klaus Klausen. Skjermingsrente for X7 er 3,5 % og X8 4,0 %. Eneste beløpet som er hensyntatt i skattepliktige inntekter og skattemessige kostnader, er netto salgssum, det vil si kr. 185 600 – kr. 180 = kr. 185 420. De er tillagt de skattepliktige inntektene.

Spm. 1

Hva blir enkeltpersonsforetaket sin alminnelige inntekt for X8? Legg til grunn at Klaus Klausen ønsker lavest mulig alminnelig inntekt hvis skattereglene gir valgmuligheter ved beregning av alminnelig inntekt.

Oppgave 4 (beregnet tid: 105 minutter.)

Petter Pettersen og Nina Bjørk eier og driver det ansvarlig selskap Kunnskap og Turarrangement ANS sammen. Selskapet tilbyr kurs om å være på tur i naturen, overnatting, fiske, bruk av turutstyr, herunder telt, kano og kajakk. Kursvirksomheten drives i Bø i Telemark. Selskapet tilbyr også 3 til 7 dagers organiserte turer mot betaling i fjell og ved hav, med og uten spesialutstyr som kano eller kajakk. På disse turene er alt tilrettelagt for deltakerne med overnatting, fellesutstyr osv. Petter og Nina har drevet selskapet i 5 år og etterspørselen etter hva selskapets tjeneste tilbyr har blitt så populært at de 01.01.X8 ansatte to personer, Lotte og Henrik, for å være kursholdere og turansvarlige. I arbeidsavtalen med Lotte og Henrik avtales det at de skal ha 5 ukers ferie hvert år, også i X8.

Alle tall som oppgis nedenfor her, er eksklusiv eventuell merverdiavgift.

Omsetningen siste år: X7, var for

- kursvirksomheten kr. 2 453 660
- turvirksomheten kr. 3 562 300

Petter og Nina har avtalt seg i mellom at de hver skal ta ut kr. 41 667 pr. måned i godtgjørelse for utført arbeid. For de to ansatte er det avtalt at hver av de skal ha en månedslønn på kr. 41 667.

Legg til grunn at selskapet driver i en kommune hvor det er 14,1 % arbeidsgiveravgift.

Spm. 1

Hva blir total inntektsskatt(skatt og avgifter til Folketrygden)vedrørende godtgjørelse for utført arbeid for Petter og Lotte i X8? Legg til grunn at ingen av personene har annen

godtgjørelse for utført arbeid i X8 men begge har andre skattepliktige inntekter som gjør at netto alminnelig inntekt overstiger personfradraget før en hensyntar inntektene fra Kunnskap og Turarrangement ANS.

Spm. 2

Hva blir arbeidsgiveravgiftskostnaden for selskapet i X8? Når skal denne arbeidsgiveravgiften betales?

Spm. 3

Redegjør for de generelle merverdiavgiftsmessige forhold for Kunnskap og Turarrangement ANS, dvs. omfanget av plikten til å beregne utgående merverdiavgift og omfanget av retten til fradrag for inngående avgift.

Spm. 4

For nedenforstående punkter skal du redegjøre for riktig merverdiavgiftsmessig behandling for selskapet Kunnskap og Turarrangement ANS. Legg til grunn at leverandører ved innkjøp av varer er registrert i merverdiavgiftsregisteret hvis de har merverdiavgiftspliktig omsetning.

I perioden mai og juni har selskapet blant annet følgende hendelser:

1.

Innkjøp av skrivemateriell og mapper til avholdelse av kurs, kr. 3 000.

2.

Innkjøp av 2 nye kajaker, kr. 10 000 pr. stk. Disse kajakkene er kajaker for mer trente deltakere, kun for bruk ved arrangerte turer.

3.

Innkjøp av 5 kanoer, som skal brukes både i kursvirksomheten og i turarrangørvirksomheten. Pris pr. stk var kr. 12 000. Det ble også kjøpt inn 10 stk årer. Pris pr. stk var kr. 2 000.

4.

Kursavgift til Per Pettersen, i forbindelse med deltakelse på ett leirkurs, kr. 800.

5.

Faktura til kunden Tore Toresen for deltakelse på 3 dagers kajakk- og fjelltur til Hardanger, kr. 5 000.

6.

Innkjøp av en stor bløtkake for å feire at selskapet har ansatt 2 nye personer, kr. 500. Det ble samtidig på matbutikken kjøpt 3 liter brus for totalt kr. 26 og to kakelys for totalt kr. 20. Feiringen ble avholdt hjemme hos Petter Pettersen.

7.

Inngående faktura vedrørende taxitransport av deltakere og turledere i minibuss i Hardanger, kr. 1 200.

Nynorsk.

Oppgåve 1 (berekna tid: 20 minuttar).

Tale Talsen bur i Bø kommune. Han bur der i sin egen bustad saman med sin samboar, Turid. Tale er eigar av bustaden. Bustaden har 220 kvm primærareal. Tale og Turid har ingen barn. Bustaden har vært hans heim dei siste 5 åra. Han arbeider nå i Skien og reiser dagleg til jobben i Skien. Tale har fått tilbod om ny jobb i Oslo. Han vurderer tilbodet som interessant. Han vil i så tilfelle bli vekependlar til Oslo. Tale lurar på kva for kostnader som oppstår på grunn av vekependlinga og kva som kan førast til frådrag. Han har ikkje enda tatt standpunkt til om han skal leige seg bustad eller kjøpe bustad eller kor stor pendlarbustad han ønskjer å ha.

Spm. 1

Kva for regler gjeld for personar som bur borte i vekedagane? Kva vil være viktig å vite for Tale Talesen slik at han kan føre mest mulig av kostnadene som oppstår til frådrag i alminneleg inntekt viss han bytter jobb? Kva for kostnader vil han få frådrag for om han blir vekependlar?

Oppgåve 2 (berekna tid: 40 minuttar).

Harald Olsen og Per Olsen er brør. Dei mottar 15.08.X1 kr. 1 200 000 i gåve kvar frå sin far, Toralf. Toralf ble enkemann 03.05.X1. Han sitter i uskifte og hadde fullstendig felleseige med sin avdøde kone. Harald og Per har ikkje motteke arveavgiftspliktige gåver frå nokre av sine foreldre tidligare.

For året X1 er det følgjande satsar for berekning av arveavgift:

§ 4. Av arv og gaver til arvelaterens/giverens barn, fosterbarn - herunder stebarn som har vært oppfostret hos arvelateren/giveren - og foreldre, svares:

Av de første 250 000 kroner	intet
Av de neste 300 000 kroner	8 %
Av overskytende beløp	20 %

Spm. 1.

Kva for arveavgiftsmessige konsekvensar blir det brødrane Harald og Per Olsen når de mottar gåvene i X1? Fastslå størrelsen på eventuell arveavgift.

30.03.X9 dør Toralf Olsen. Han etterlet seg følgjande eigedelar:

	Toralfs skattemessige verdjar pr. 30.03.X9.	Marknadsverdi pr. 30.03.X9.
Bustad	600 000	2 400 000
+ Fritidsbustad	300 000	1 800 000
+ Bil	200 000	60 000
+ Bankinnskott	<u>1 660 000</u>	<u>1 660 000</u>
= Sum verdjar	<u>2 760 000</u>	<u>5 920 000</u>

I tillegg har Toralf kortsiktig gjeld på kr. 8 000. Dokumentera kostnader til gravferd er kr. 38 500. Harald overtek bustaden og Per overtek fritidsbustaden. Bilen seljast. Det oppstår tinglysningskostnader på bustaden med kr. 61 200 og på fritidsbustaden med kr. 45 900. Andre skifteomkostningar blir kr. 2 000.

For året X9 er det følgjande satsar for berekning av arveavgift:

§ 4. Av arv og gaver til arvelaterens/giverens barn, fosterbarn - herunder stebarn som har vært oppfostret hos arvelateren/giveren - og foreldre, svares:

Av de første 470 000 kroner	intet
Av de neste 330 000 kroner	6 pst.
Av overskytende beløp	10 pst.

Spm. 2

Kva blir dei arveavgiftsmessige konsekvensane på grunn av Toralf sitt dødsfall? Fastslå størrelsen på eventuell arveavgift.

Oppgåve 3 (berekna tid: 135 minuttar).

Se bort i frå meirverdiavgift ved løysning av denne oppgåva. Ingen beløp inneheld meirverdiavgift.

Klaus Klausen driver eit enkeltpersonforetak. Det ligger i Oslo kommune. I året X8 har selskapet foreløpige skattepliktige inntekter på kr. 14 254 780 og skattemessige kostnader som gjev frådragsrett på kr. 12 952 458. Nedanfor her er det oppgitt en del opplysningar kor ikkje alle inntekter og kostnader er medtatt i oppgitte skattepliktige inntekter og skattemessige frådragsberettiga kostnader. Av de oppgitte tal nedanfor, er det konkret oppgitt kva for tal som er medtatt og kva for tal som ikkje er medtatt i skattepliktige inntekter og skattemessige kostnader.

1) Varekostnad

Årets varekjøp er tatt med i dei skattemessige kostnadene. Årets varekjøp er på kr. 8 545 400. Varelagerending i X8 er ikkje medtatt i de skattemessige kostnadene. Varelager pr. 01.01.X8 har en kostnad ved kjøp på kr. 654 700. Det inneheld ein ukurans på kr. 55 000. Varelageret pr. 31.12.X8 har en kostnad ved kjøp på kr. 679 300. Det inneheld ein ukurans på kr. 34 000.

2) Tap på krav

Det er kostnadsført kr. 73 000 i konstaterte tap i dei skattemessige kostnadane. Det er etter dette avdekka at ein kunde har gått konkurs. Det opplysast frå bustyrar at det ikkje blir noko konkursdividende på uprioriterte fordringar, noko som denne fordringa er. Uteståande på denne kunden er kr. 5 000. Dette tapet er ikkje medtatt i dei skattemessige kostnadene. Konstaterte tap i X7 var kr. 62 400. Kundefordringar pr. 31.12.X8, før ein tek omsyn til det siste konstaterte tapet, er kr. 456 800. Sal på kreditt i X7 var kr. 12 452 850 og sal på kreditt i X8 er kr. 12 756 200. Skattemessig avsetning pr. 31.12.X7 var kr. 8 140.

3) Avskrivningar

Ingen avskivingar eller andre skattemessige effektar på driftsmidlar har påverka oppgitte skattepliktige inntekter eller skattemessige kostnader.

Enkeltpersonforetaket har følgende saldogrupper pr. 01.01.X8:

Inventar og lausøyre, inngående saldoverdi kr. 256 450

Varebilar, inngående saldoverdi kr. 280 422

Kontormaskiner, inngående saldoverdi kr. 88 450

Det har blitt kjøpt følgende driftsmiddel i X8:

PC for kontorarbeid og rekneskapsføring, kr. 14 000. Den ble kjøpt 01.07.X8.

Printer for kontorarbeid, kr. 3 000. Den ble kjøpt 01.07.X8.

Bygg, Freiveien 200, totalt kr. 6 130 000 inkludert omkostninger ved kjøpet. Det ble kjøpt 01.09.X8. Kjøpesummen fordeler seg med kr. 2 800 000 på sjølve bygget, kr. 1 820 000 på fast teknisk installasjon og kr. 1 380 000 på tomte. Bygget, som ikkje er seksjonert, brukast til forskjellige formål. Det er lager, butikklokale og ei leilegheit. Leilegheita er utleigd til marknadsverdi. Leigeverdiar og kvadratmeter for de forskjellige delane er:

Tekst:	Kvm	Årlig leieverdi
Lager	700	320 000
Butikklokale	400	180 000
Leilegheit	<u>150</u>	<u>160 000</u>
Sum	<u>1 250</u>	<u>660 000</u>

I september ble det føreteke ei mindre utviding av bygget. Dette kostet totalt kr. 360 000, kor kr. 246 000 vedrørte sjølve bygget og kr. 114 000 vedrørte fast teknisk installasjon.

Det har blitt seld følgende driftsmiddel i X8:

Varebil, kr. 120 000. Den ble seld 01.09.X8. Dette er en varebil som Klaus Klausen ikkje brukte privat, jf. pkt. 5.

4) Gevinst- og tapskonto.

Saldo på gevinst- og tapskonto er pr. 01.01.X8 en gevinstsaldo på kr. 500 000.

5) Næringsbil og privatbil

Selskapet har ein varebil som er godkjent som næringsbil. Den har i X8 blitt kjørt 8 000 km i næring og 6 000 km privat fordi den brukast av Klaus Klausen på fritida. Den hadde en kjøpspris som ny på kr. 355 400 da den ble kjøpt 01.05.X4. Kjøpsprisen tilsvarte listepriisen. Sum driftskostnader har vært kr. 25 230 og vedlikehaldskostnader har vært kr. 14 500. Drifts- og vedlikehaldskostnader er kostnadsført i dei skattemessige kostnadene.

6) Elektronisk kommunikasjonstjenestar.

Enkeltpersonforetaket har kostnader både til mobiltelefonabonnement og trådløs internettabonnement. Kostnaden til mobiltelefon, som Klaus Klausen også bruker privat, er kr. 15 465. Trådløs internettabonnement har ein kostnad på kr. 4 800. Disse kostnadene er kostnadsført i dei skattemessige kostnadene.

7) Julebordkostnader og representasjonskostnader.

I slutten av desember blei det heldt julebord på restaurant for Klaus Klausen og føretakets 8 tilsette. Det kostet totalt kr. 9 650. Kostnaden bestod av middag og dessert, kr. 6 200 og ein bar rekning på totalt kr. 3 450. Bar rekninga var splitta opp i alkoholfri drikke, kr. 1 130 og alkoholhaldig drikke, kr. 2 320. I same uka hadde Klaus Klausen møte med ein forretningsforbindelse. Etter møtet gjekk dei ut og åt på restaurant. Middagen for to personar

kostet totalt kr. 1 465. Til middagen blei det drukke vin. På grunn av tvil om korleis alle desse kostnadene skal behandlast, er ingen av kostnadene bokført og dermed er dei ikkje med i dei oppgitte skattemessige kostnadene.

8) Sal av aksjar.

I desember ble det seld 4 000 aksjar for kr. 46,40 pr. stk, totalt kr. 185 600. Omkostningane ved salet blei kr. 180. Aksjane ble kjøpt 30.06.X7. Det ble da kjøpt 10 000 aksjar a' kr. 35,20, totalt kr. 352 000. Omkostningar ved kjøpet var kr. 400. Det har ikkje blitt utdelt utbytte i den tida aksjane har vært eigd av Klaus Klausen. Skjermingsrente for X7 er 3,5 % og X8 4,0 %. Einaste beløpet som er teke omsyn til i skattepliktige inntekter og skattemessige kostnader, er netto salssum, det vil si kr. 185 600 – kr. 180 = kr. 185 420. Dei er tillagt dei skattepliktige inntektene.

Spm. 1

Kva blir enkeltpersonsforetaket sin alminnelege inntekt for X8? Legg til grunn at Klaus Klausen ønskjer lavast muleg alminnelig inntekt viss skattereglene gir valmulegheiter ved berekning av alminneleg inntekt.

Oppgåve 4 (berekna tid: 105 minuttar.)

Petter Pettersen og Nina Bjørk eig og driv det ansvarlig selskap Kunnskap og Turarrangement ANS saman. Selskapet tilbyr kurs om å være på tur i naturen, overnatting, fiske, bruk av turutstyr, herunder telt, kano og kajakk. Kursverksemda drives i Bø i Telemark. Selskapet tilbyr også 3 til 7 dagars organiserte turar mot betaling i fjell og ved hav, med og utan spesialutstyr som kano eller kajakk. På disse turane er alt tilrettelagt for deltakarane med overnatting, fellesutstyr og så vidare. Petter og Nina har drevet selskapet i 5 år og etterspørselen etter kva selskapets teneste tilbyr har blitt så populært at de 01.01.X8 tilsette to personar, Lotte og Henrik, for å være ansvarlege for kurs og turar. I arbeidsavtalen med Lotte og Henrik avtales det at dei skal ha 5 veker ferie kvart år, også i X8.

Alle tall som er oppgjeve nedanfor her, er eksklusiv eventuell meirverdiavgift.

Omsetninga siste år: X7, var for

- kursverksemda kr. 2 453 660
- turverksemda kr. 3 562 300

Petter og Nina har avtalt seg i mellom at dei kvar skal ta ut kr. 41 667 pr. måned i godtgjersle for utført arbeid. For dei to tilsette er det avtalt at kvar av dei skal ha ei månadslønn på kr. 41 667.

Legg til grunn at selskapet driv i ein kommune kor det er 14,1 % arbeidsgjevaravgift.

Spm. 1

Kva blir total inntektsskatt(skatt og avgifter til Folketrygda) på godtgjersle for utført arbeid for Petter og Lotte i X8? Legg til grunn at ingen av personane har annen godtgjersle for utført arbeid i X8 men begge har andre skattepliktige inntekter som gjør at netto alminnelig inntekt overstiger personfradraget før ein tek omsyn til inntektene frå Kunnskap og Turarrangement ANS.

Spm. 2

Kva blir kostnaden for arbeidsgjevaravgifta for selskapet i X8? Når skal denne avgifta betalast?

Spm. 3

Gjer greie for dei generelle meirverdiavgiftsmessige forhold for Kunnskap og Turarrangement ANS, dvs. omfanget av plikten til å berekne utgåande meirverdiavgift og omfanget av retten til frådrag for inngåande avgift.

Spm. 4

For punkta nedanfor her skal du gjere greie for riktig handsaming av meirverdiavgift for selskapet Kunnskap og Turarrangement ANS. Legg til grunn at leverandørar ved innkjøp av varer og tenestar er registrert i meirverdiavgiftsregisteret viss de har meirverdiavgiftspliktig omsetning.

I perioden mai og juni har selskapet blant anna følgjande kjøp og sal:

1.

Innkjøp av skrivemateriell og mapper til kursverksemda, kr. 3 000.

2.

Innkjøp av 2 nye kajakkar, kr. 10 000 pr. stk. Desse kajakkane er kajakkar for meir trenar deltakarar og berre for bruk ved arrangerte turar.

3.

Innkjøp av 5 kanoar, som skal brukast både i kursverksemda og i turarrangørverksemda. Pris pr. stk var kr. 12 000. Det blei også kjøpt inn 10 stk årer. Pris pr. stk var kr. 2 000.

4.

Kursavgift til Per Pettersen, i forbindelse med deltaking på eit leirkurs, kr. 800.

5.

Faktura til kunden Tore Toresen for deltaking på 3 dagars kajakk- og fjelltur til Hardanger, kr. 5 000.

6.

Innkjøp av en stor blautkake for å feire at selskapet har tilsett 2 nye personar, kr. 500. Det ble samtidig på daglegvarebutikken kjøpt 3 liter brus for totalt kr. 26 og to kakelys for totalt kr. 20. Feiringa ble heldt heime hos Petter Pettersen.

7.

Inngåande faktura for taxitransport av deltakarar og turledere i minibuss i Hardanger, kr. 1 200.